



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
	Tenesteutval for forvaltning og utvikling	

Skiltplan - Endring av fartsgrense og innføring av forkøyrsvog på strekninga Engesetvegen-Sjukehusvegen

Samandrag:

Strekninga Engesetvegen-Sjukehusvegen er i dag ein mykje brukt samleveg for bustadområda på Engeset, Klepp og Røyslida. Samstundes er strekninga mykje brukt av mjuke trafikantar til skuleområda i Volda. Administrasjonen tilrår no å gjere strekninga om til forkøyrsvog med fartsgrense 40 km/t. I tillegg er det foreslått fartsgrense med sone 30 km/t for Fjellvegen, Kapteinsvegen, Øvrevegen, Rognelida, Gamletunvegen, Ragnvaldmarka og Fedengarden

Kommunedirektøren si tilråding:

Tenesteutval for forvaltning og utvikling vedtek å leggje forslag til skiltplan for strekninga Engesetvegen-Sjukehusvegen ut til offentleg ettersyn i tre veker.

Vedlegg:

Hvordan bestemmes fartsgrensene i Norge.PDF (L)(105106)

Skiltplan del 1

Skiltplan del 2

Skiltplan del 3

Skiltplan del 4

Skiltplan del 5

Skiltplan del 6

Skiltplan del 7

Skiltplan del 8

Skiltplan del 9

Saksopplysningar:

Kommunestyret i Volda vedtok 18.06.2020 detaljreguleringsplan for Fjellvegen 2. Eit krav for å fullføre heile reguleringsplanen er at fartsgrensene i Kårstadvegen og Fjellvegen vert sett ned til høvesvis 40- og 30 km/t. Gjennom arbeidet med temaplan for trafikktrygging vert det vurdert at det er eit behov for å vurdere samlevegane i Volda sentrum. Strekninga Engesetvegen – Sjukehusvegen (rundkøyring til rundkøyring) har ein slik funksjon, og samlar trafikken frå bustadfelta på Engeset, Klepp og Røyslida. Dette er også ferdselsårar som har mykje trafikk frå mjuke trafikantar, særleg til skulane og høgskuleområdet.

Sektor for samfunnsutvikling foreslår med dette å gjere strekninga Engesetvegen (frå rundkøyringa til Storgata) til og med Sjukehusvegen (til rundkøyringa til E39/Vikebygdvegen) til forkøyrsvog med fartsgrense 40 km/t. Ein foreslår i tillegg å redusere fartsgrensa i Fjellvegen, Kapteinsvegen, Rognelida, Gamletunvegen, Ragnvaldmarka og Fedengarden til sone 30 km/t. Øvrevegen har i dag sone 30 km/t, men vil verte forlenga gjennom Fjellvegen.

Kommunene er sjølv ansvarleg mynde for kommunale vegar, inkludert fastsetjing av fartsgrenser. Statens Vegvesen har utarbeidd rettleiarar for utforming og fastsetjing av fartsgrenser for ulike typar vegar og gater. I dokumentet «*hvordan bestemmes fartsgrenser i Norge*» går det fram at fartsgrene 50 km/t er den generelle fartsgrensa innanfor tettbygde strøk. Fartsgrense 40 km/t nyttast for vegar og gater innanfor tettbygde strøk og ofte vegar som går mellom område i byar og tettstadar. I tillegg nyttast denne farta der det er «*såpass mykje lokal aktivitet at bilistande må halde lågare fart enn 50 km/t*». Dette er alle relative omgrep som kommunene sjølv må vurdere og ta stilling til. I 2018 vart det gjennomført ei trafikkteiling som syner ein ÅDT på 2087 for Engesetvegen, 1400 for Kleppevegen, 2400-2700 for Kårstadvegen og 3100 for Sjukehusvegen. Dette er relativt høge trafikktal. Ein har ikkje oversikt over talet på gåande og syklande i desse områda.

Det er laga skiltplan som syner plassering av skilta (vedlagt i 9 delar).

Vurdering og konklusjon:

Ein vurderer det til at innføring av forkøyrsvog på strekninga vil gi betra trafikkavvikling. Samstundes erfarer ein at farta ofte går opp på forkøyrsvog. Ein bør difor vurdere fysiske fartsreduserande tiltak i framtida på til dømes fotgjengarovergangar, då skilting med fartsgrense 40 km/t mest truleg ikkje i seg sjølv vil gi redusert fart. Strekninga har eit relativt godt utbygd gang- og sykkelvegnett, med unntak av Systervegen og Sjukehusvegen.

Når det gjeld bustadgatene Fjellvegen, Kapteinsvegen, Rognelida, Gamletunvegen, Ragnvaldmarka og Fedengarden vurderer ein det som høveleg å innføre sone 30 km/t for slike type gater. Desse har avgrensa trafikk og fleire av gatene er blindvegar med begrensa breidde på vegbana. Kapteinsvegen har fartsgrense 30 km/t i dag, men dette vert foreslått

endra til soneskilt i sammenheng med Fjellvegen og Øvrevegen.

Likestillingsmessige sider ved saka: Ingen kjend konsekvens

Konsekvensar for folkehelsa: Vurderast å ha positiv konsekvens, med reduserte fartsgrenser vert skadepotensialet i ei ulukke redusert.

Miljøkonsekvensar: Vurderast som positivt. Lågare fart gir generelt mindre trafikkstøy og utslepp av klimagassar.

Økonomiske konsekvensar: Kostnadane til skilt er om lag kr 160.000, i tillegg kjem arbeidet med å sette desse ut. Total kostnad vert dermed estimert til om lag kr 200.000. Det er ikkje sett av midlar til dette i 2021.

Beredskapsmessige konsekvensar: Ingen kjend konsekvens.

Konsekvensar for barn og unge: Vurderast positiv. Redusert fartsgrense gir mindre risiko for ulukker og omfang av trafikkulukker.

Har [eldreråd, råd for personar med funksjonsnedsetting og ungdomsråd](#) fått saka til uttale? Nei. Råda får tilsendt saka som orienteringssak i høyringsperioden.

Utskrift av endeleg vedtak:

Utviklingsavdelinga, Erlend S. Vikestrand

Rune Sjurgard
kommunedirektør